

Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 - Arbeidsdokument nr 1/24

Fylkesdirektøren omtalar følgjande moment i arbeidsdokument 1/24:

1. Utgangspunkt for budsjettprosessen
 - Rekneskapsresultat 2023 for Vestland fylkeskommune
 - Gjeldsutvikling
2. Årshjul 2024
 - Oversikt over finansutvalsmøta i 2024
 - Involvering av hovudutval
3. Budsjett 2025 – økonomiplan 2025-2028
 - Budsjett 2025
 - Vurdering av totaløkonomien
 - Nærare om gjeldsutvikling
4. Utfordringsbilete i kommande økonomiplan
 - Innspel frå avdelingane
5. Andre saker
 - Klimabudsjett
6. Neste møte i finansutvalet
 - Økonomiplan 2025 - 2028
 - Kommuneproposisjonen 2025

1 Utgangspunkt for budsjettprosessen

Rekneskapsresultat 2023 for Vestland fylkeskommune

Rekneskapen for 2023 vart gjort opp i balanse. I samsvar med rekneskapsreglane er det stroke bruk av 347 mill. kr frå disposisjonsfond. Denne summen skulle i utgangspunktet finansiert postar på driftsbudsjettet, men meirinntekter gjorde at det ikkje vart behov for å nytte heile den budsjetterte summen frå disposisjonsfond.

Det var sentrale inntekter som vart høgare enn budsjettet i 2023. Sektorane kom samla sett ut nokså nær balanse. Mobilitet og kollektivtransport hadde størst meirforbruk med nær 45 mill. kr. Driftskontraktane auka meir enn budsjettet og inntektene vart noko lågare. Infrastruktur og veg hadde ei overskridning på 21,6 mill. kr. Men overskridingane i dei to nemnde sektorane vart motverka av mindreforbruk på Opplæring og kompetanse, Eigedom og Kultur og folkehelse. Dei andre sektorane enda nokså nær budsjettet. Rekneskapen for politiske organ og kontrollorgan viste meirforbruk på 1,5 mill.

Størst innsparing hadde Opplæring og kompetanse med 52,1 mill. kr. Det bør her nemnast at Opplæring og kompetanse brukte netto 42,3 mill. kr frå disposisjonsfond. Mange av skulane har altså redusert fonda sine. Skulane har framleis igjen 93 mill. kr i fond, medan tannklinikke har 37 mill. kr i overskotsfond.

Fylkeskommunen fekk 122,1 mill. kr meir enn budsjettet i rammetilskot. I statsbudsjettet vart det varsla trekk i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar som hadde ekstraordinært høge konsesjonskraftinntekter. Men kraftprisane normaliserte seg gjennom året, og trekket vart redusert i revidert nasjonalbudsjett, for så å falle heilt bort i nysaldert budsjett i desember.

Skatt og inntektsutjamning vart 14,6 mill. kr høgare enn budsjettet. Fleire andre fellespostar kom ut med positive avvik: havbruksfond + 6,3 mill. kr, konsesjonskraft + 28,1 mill. kr, renter + 65,4 mill. kr. Også premieavvik og lønsavsetjing synte positive avvik.

Gjeldsutvikling

Lånegjelda til Vestland fylkeskommune var ved utgangen av 2023 på 16 378 mill. kr – ein auke på 1 062 mill. kr frå året før.

Netto gjeldsgrad, som er lånegjeld i prosent av driftsinntekter, har gått opp frå 89,8 % til 94,7 %. Det er tilrådd at gjeldsgraden ikkje bør overstige 75 %.

Med investeringsprogrammet som vart vedteke i siste økonomiplanen, vil gjeldsgraden stige i 2024 og 2025. Siste del av økonomiplanen vil gjeldsgraden gå nedover. Dette føreset at ein vel same investeringsnivå som i siste vedtekne økonomiplan og at investeringsnivået frå 2027 vert vidareført i 2028.

Tilråding prosessvedtak nr 1:

- | |
|--|
| Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande; |
| - Rekneskapsresultat 2023 for Vestland fylkeskommune |
| - Gjeldsutvikling |

2 Årshjul 2024

Oversikt finansutvalsmøte 2024

Det er lagt opp til fire møte i finansutvalet i 2024 – i månadane mars, juni, oktober og november.

Fylkesdirektøren planlegg følgjande hovudinnhald på dei ulike møta:

Møtet i mars

- Utgangspunkt for budsjettprosessen
 - Rekneskap 2023 for Vestland fylkeskommune
- [Årshjul](#)
- Budsjett 2025 – økonomiplan 2025 – 2028
 - Overordna vurdering av økonomien

Møtet i juni

- Kommuneproposisjon 2025
- Sektorrammer for driftsbudsjettet
 - Innspel frå hovudutvala
- Rammer for investeringsbudsjett
 - Innspel frå hovudutvala

Møtet i oktober

- Statsbudsjettet
- Driftsbudsjett 2025 – økonomiplan 2025-2028
 - Sektorvise budsjettforslag på vedtaksnivå – uttale frå hovudutvala
 - Forslag til investeringsbudsjett

Møtet i november

- Endeleg innstilling frå finansutvalet til Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028

Involvering av hovudutval

Involvering av hovudutvala i budsjettprosessen er ein viktig del av budsjettarbeidet og gjeld både drifts- og investeringsdelen. Særskilt ved to punkt i prosessen er hovudutvala sentrale i utarbeiding av komande budsjett- og økonomiplan:

- Finansutvalet juni
Før møtet i finansutvalet 5. juni får hovudutvala arbeidsdokumentet til handsaming. Hovudutvala kan då kome med innspel til drifts- og investeringsrammene. Hovudutvala har møte i slutten av mai.
- Finansutvalet oktober
Før møtet i finansutvalet 23. oktober skal hovudutvala kome med uttale til budsjettframlegga som avdelingsdirektørane fremjar for dei respektive hovudutvala. Dei sektorane som ikkje høyrer inn under hovudutval, stabsavdelingane og tannhelse, får sine sektorbudsjett handsama av finansutvalet. Hovudutvalsmøta er i midten av oktober, og uttalane frå utvala vert del av grunnlaget for den vidare politiske handsaminga i finansutvalet.

Tilråding prosessvedtak nr 2:

Finansutvalet godkjenner forslaget til årshjul for prosessen fram mot budsjett 2025.

Finansutvalet tek orientering om involvering av hovudutvala i budsjettprosessen til vitande.

3 Budsjett 2025 – økonomiplan 2025-2028

Budsjett 2025

I budsjettvedtaket for 2024 la fylkestinget inn auka midlar, og det vart ein realauke (auke utover prisstiging) på om lag 350 mill. kr. Dei som fekk størst auke var Mobilitet og kollektiv og Infrastruktur og veg.

I den vedtekne økonomiplanen er det ein reduksjon i driftsrammene frå 2024 til 2025 på 175 mill. kr. Aukande renteutgifter og reduksjon i konsesjonskraftinntektene gjer det nødvendig å redusere driftsrammene for alle avdelingane.

Den største endringa er reduserte utgifter til ferjer som følge av Skyss sin betalingsplan med selskapa. Dette utgjer 65 mill. kr. Av tiltaka som fylkestinget la inn i 2024, er det 35 mill. kr som ikkje vert vidareført til 2025. Administrativt innsparingsprogram ligg inne med 10 mill. kr, og i tillegg er det behov for ytterlegare effektiviseringar og sparetiltak.

Dette gjev følgjande utgangspunkt for sektorrammer i 2025:

	Økonomiplan 2024	Endring	Økonomiplan 2025
Fellesutgifter- og inntekter	22	0	22
Politisk styring og kontrollorgan	67	3	70
Organisasjon og økonomi	168	-1	167
IKT og digitalisering	190	-3	187
Eigedom og utbygging	609	-24	585
Tannhelse	373	-7	367
Næring, plan og innovasjon	200	-3	198
Opplæring og kompetanse	4 019	-38	3 981
Kultur og folkehelse	381	-6	375
Mobilitet og kollektivtransport	3 565	-79	3 486
Infrastruktur og veg	1 736	-19	1 717
	11 329	-175	11 154

Grunna m.a. utviklinga i inflasjon og stramme budsjett ser fylkesdirektøren framleis behov for å ha tett oppfølging av dei ulike sektorane for å følgje kostnadsutviklinga. Kollektivsektoren nyttar ulike indeksar ved justering av kontraktar mot operatørane sine. Desse følgjer ikkje i alle høve den kommunale deflatoren og vert publisert litt ut i året.

Under tabell som viser økonomiplan 2025-2027 vedteke i fylkestinget desember 2023:

	Mill. 2024 - kr		
Økonomiplan 2024-2027	2025	2026	2027
Fellesutgifter- og inntekter	22	22	22
Politisk styring og kontrollorgan	70	68	71
Organisasjon og økonomi	167	167	167
IKT og digitalisering	187	187	187
Eigedom og utbygging	585	584	584
Tannhelse	367	367	367
Næring, plan og innovasjon	198	198	198
Opplæring og kompetanse	3 981	3 978	3 981
Kultur og folkehelse	375	373	373
Mobilitet og kollektivtransport	3 486	3 463	3 555
Infrastruktur og veg	1 717	1 576	1 576
	11 154	10 983	11 082

Vurdering av økonomien i planperioden

Gjennomgangen av rekneskapsresultatet fra 2023 ovanfor tyder på at sektorane har god styring med driftsutgiftene.

Utfordringar framover er overgang til nullutsleppsdrift av snøggbåtar og kostnadsauke i driftskontraktane for fylkesvegar.

Fylkesdirektøren ser likevel gjeldsauken som den største utfordringa. Investeringsprogrammet fylkestinget har vedteke medfører at lånegjelda aukar med om lag 3 mrd. kr i perioden fram til 2027.

Gjeldsutviklinga i økonomiplanperioden

I gjeldande økonomiplan medfører den årlege auken i lånegjeld fram til 2026 at gjeldsgraden dette året vert 103 %. For 2028 har ein som utgangspunkt lagt til grunn lånepoptak på nivå med 2027 og med denne føresetnaden endar gjeldgraden på 94% siste året i den nye økonomiplanperioden, slik tabellen nedanfor viser.


	2023	2024	2025	2026	2027	2028	mill. kr
Saldo 1/1		16 252	17 781	19 100	19 375	19 110	
Nye lån		2 380	2 219	1 225	685	700	
Avdrag		-850	-900	-950	-950	-950	
Saldo 31/12	16 252	17 781	19 100	19 375	19 110	18 860	
Netto gjeldsgrad	95 %	100 %	104 %	103 %	98 %	94 %	

Nøkkeltalet netto gjeldsgrad viser netto gjeld i høve til totale driftsinntekter. Endringar i driftsinntektene påverkar difor nøkkeltalet like mykje som endringar i lånegjeld.

Rentenivå

Styringsrenta er pr. dags dato 4,5 %. Dei fleste trur at toppen er nådd med dette. Spenninga no knyter seg til når og kor raskt Norges Bank vil begynne å setje ned renta.

I siste pengepolitiske rapport frå desember 2023 er rentebananen framstilt slik:



Vestland fylkeskommune har bunde renta på om lag halvparten av låneporteføljen. Gjennomsnittsrenta på fylkeskommunen sin låneportefølje har difor stige langt mindre enn marknadsrenta dei to siste åra. Ved siste årsskifte var pengemarknadsrenta 4,73 %. Gjennomsnittsrenta på fylkeskommunen sin låneportefølje var 3,66 %.

Den fulle verknaden av auka rentenivå vert fasa inn gradvis etter kvart som fastrenteavtalane går ut. Dette tilseier at fylkeskommunen sine renteutgifter kjem til å auke dei neste par åra, sjølv om Norges Bank skulle starte å setje ned styringsrenta i 2024.

Tabellen under viser forventa utvikling i fylkeskommunen sine netto renteutgifter dersom rentenivået utviklar seg i samsvar med siste prognos fra Norges Bank (sjå grafen framfor).

	2024	2025	2026	2027	2028	mill. kr
Netto renteutgifter	391	496	570	575	555	

Tilråding prosessvedtak nr 3:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Budsjett 2025
- Vurdering av økonomien i planperioden
- Rentenivå

4 Utfordringsbilete i komande økonomiplan

Under er dei viktigaste utfordingane framover slik avdelingane ser det.

Utfordringsbilete i kommande økonomiplan

Infrastruktur og veg

Dei siste åra har det vore ein stor auke i prisnivået på driftskontraktar, både i Vestland fylkeskommune og resten av landet. I siste halvår av 2023 har kostnadsveksten helde fram på eit høgt nivå.

Av dei 10 driftskontraktane fylkeskommunen hadde i fellesskap med Statens vegvesen, står det att 4 driftskontraktar som skal lysast ut i 2024 og 2025 og bli reine fylkesvegkontraktar. Kostnadsauken vil truleg også bli gjeldande for desse 4 kontraktane og gi auka kontraktsbindingar i åra framover.

I samband med behandlinga av PS-sak 127/2022 Budsjett 2023 - økonomiplan 2023-2026 gjorde fylkestinget vedtak om å løyve 500 mill. kr til ein forsterka innsats for eit tryggare vegnett i åra 2023-2025. Vedlikehaldspakken har gjort det mogleg å gjennomføre eit monaleg løft knytt til vedlikehald og utbetring av fylkesvegnettet i perioden 2023-25. Frå 2026 er vedlikehaldspakken ferdig. Det er samtidig særskilt store utfordingar knytt til forfall på bru og kai i tillegg til tunnel. Når vedlikehald på større bruer skal gjennomførast kan dette bli svært kostnadskrevjande prosjekt som enkelte år vil binde opp alt eller store delar av vedlikehaldsmidlane. Vidare er det store behov knytt til å auke det årlege nivået på dekkefornyng som i dag har ein fornyingstakt som er langt under anbefalt.

Mobilitet og kollektivtransport

For mobilitet og kollektivtransport er mesteparten av aktiviteten knytt opp mot driftskontrakter på buss, bane, båt og ferje. Kontraktsutbetalingane blir indeksregulert inntil 4 gongar pr år. Lønn alleine utgjer om lag halvparten av kostnadane og gode lønnsoppgjer for arbeidstakarane i 2024 vil slå kraftig inn på kontraktsprisane i 2025. Operatørane har gjennomført og vil gjennomføre store investeringar i driftsmidlar som skal brukast i våre kontraktar og eit høgt rentenivå vil difor belaste økonomien vår framover. Lønn og renter i tillegg til høge prisar på diesel og straum vil utfordre ønsket om betre tilbod innanfor dei finansielle rammene vi har.

Innanfor byveksttaleområdet er det klare forventningar om nullvekstmål og finansiering av tiltak for at persontransportveksten skal kunne takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Kostnadsauken ovanfor rammar byveksttaleområdet på same måte som resten av fylket og vil kunne medføre bortfall av etablerte tiltak og stans i innføring av nye tiltak dersom rammene blir for små.

Kostnaden med overgang til nullutsleppsteknologi på både buss, båt og ferje er høg. Dersom kostnadane med denne overgangen skal dekkast innanfor gjeldande økonomiske rammer må frekvens og opningstid i tenestetilboden reduserast. Det er også naudsynt å følgje inntektsutviklinga tett med særskilt vekt på innføringa av reiserabatt på enkeltbillettar.

Opplæring og kompetanse

Det er knytt uvisse til korleis fullføringsreforma og utvida rettar i ny opplæringslov vil påverke omfanget av lovfesta tenesteproduksjon i åra framover. Samstundes er det uvisse knytt til i kva grad fylkeskommunen vil bli kompensert for dette i rammetilskotet.

I samband med strukturplanen vert det utarbeidd oppdaterte prognosar på elevtalsutviklinga. Gjeldande prognose for elevtalsutviklinga tyder på eit meirbehov frå 2025, aukande utover i økonomiplanperioden. Dette er ikkje saldert i vedteken økonomiplan.

Som følgje av krigen i Ukraina har fylkeskommunen oppretta innføringstilbod til denne elevgruppa ved nokre skular. Det er behov for å sikre beredskap for å opprette nye tilbod ved behov. Det vert i

tillegg arbeidd tett med aktuelle kommunar og skular, inkl. nettskulen, for å organisere tilbod som er tilpassa målgruppa. Det er uvisse knytt til utviklinga i omfang av tilbod til målgruppa.

Vidare er det behov for å styrke språkopplæringa for minoritetsspråklege for å lukkast med integrering og fullføring av vidaregåande opplæring for denne elevgruppa.

Næring, plan og innovasjon

Dei viktigaste utfordringane for avdeling næring, plan og innovasjon er som følgjer:

- Realisere ambisjonane i Grøn Region Vestland – «Vestlandsporteføljen 2.0.»
- Gjennomføre arbeidet med «Utviklingsplanen 2024 – 2027» og sikre god medverknad og eigarskap både hos politikarar og samarbeidspartnarar i Vestland.
- Gjennomføre prosjektet «Styrka marin innsats».
- Gjennomføre og få partnarar til å ta eigarskap til vedtekne tiltak i «Årsplan 2024 for berekraftig verdiskaping» og «Årsplan 2024 - oppfølging av regional plan for klima.»

Kultur og folkehelse

Dei viktigaste utfordringane for avdeling kultur og folkehelse er som følgjer:

- Stort behov for å styrke tilskota til drift av kulturlivet sine organisasjoner
- Investeringsprosjekt:
 - a. Planlegging Griegkvartalet
 - b. Planlegging Samlingssentrum / Fellesmagasin

IKT og digitalisering

Avdeling for IKT og digitalisering skal levere gode IKT-tjenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Det er ei utfordring at prisveksten for IKT-kostnadene har vore og er høgare enn budsjettet, og at vi generelt får auka kostnadene knytt til skytenester og innføring av ny teknologi i heile organisasjonen. Ved finansiering er det lagt vekt på kostnader ved innføring (investeringsmidlar) mens midlar til årlege driftsutgifter ikkje har følgd på.

Innføring av kunstig intelligens, nye skyløysingar, auka krav til streaming av møte og konferansar og auka krav til løysingar som ivaretak informasjonssikkerheit utfordrar oss ved at driftsutgiftene aukar. Det er skapt ein situasjon dei seinare åra der organisasjonen sine behov og forventningar ikkje er i samsvar med kapasitet, kompetanse og ressursar. Det vil difor vere nødvendig for å styrke budsjettet for 2025 på posten for felles IKT drift. Fylkessirektøren vil i 2024 jobbe vidare med ei ny budsjettorganisering som i større grad plasserer lisens- og konsulentkostnader hos den enkelte systemeigar, men ei slik omlegging vil ikkje løyse utfordringa knytt til ubalansen mellom forventningar og behov opp mot kapasitet, kompetanse og ressursar.

Førebyggande arbeid innan fagområda personvern, beredskap og IKT sikkerheit krev at fagressursane er ute i organisasjonen og skaper ei haldningsendring.

Forvaltningsrevisionane; «Informasjonssikkerheit» og «Overordna beredskap» tilrår å jobbe meir førebyggande med sikkerheitsarbeid i heile organisasjonen. Med noverande driftsramme for administrasjon og reise, er det krevjande å drive førebyggande og overordna sikkerheitsarbeid i heile organisasjonen.

Organisasjon og økonomi

Vestland fylkeskommune har mål om å tilby fleire lærelassar til ungdom i vidaregåande opplæring. For tida har vi 74 lærlingar, men arbeidar for å auke dette talet til 80 i løpet av 2024. For å sikre best mogleg oppfølging av lærlingane, særleg i distriktskommunar, kan det vere aktuelt å inngå samarbeidsavtalar med einskilde lokale opplæringskontor. Driftsbudsjettet for lærlingar er allereie i knappaste laget og det vil vere behov for ei styrking av dette i tida framover.

Det same gjeld driftsbudsjetta for mobbeomboda, elev- og lærlingomboda og lærlingkoordinatoren. Desse ressursane bruker mykje av tida si ute i kommunane og det er behov for å styrke midlane til reiseverksemd og fagleg oppdatering.

Eigedom og utbygging

Det vil vere naudsynt å etablere eller oppgradere fleire bussanlegg fram til 2030 (bussanlegg er nattoppstilling, vaskehall, garderobar og evt. verkstad). Dette krev auka investering allereie frå 2026. Dette er knytt til fleire omsyn. Fleire av bussanlegga er i dag etablert sentralt i regionssenteret og eiggd av andre byggħerrar som vil utvikle areala til anna formål. Nye operatørkontraktar krev stor grad av elektrifisering av bussane og dermed bussanlegg med ladefasilitetar. I tillegg er nokre av bussanlegga i Stor Bergen klare for større rehabilitering/nybygg.

Tilråding prosessvedtak nr 4:

Finansutvalet tek orienteringane om utfordringsbilete til vitande.

5 Andre saker

Klimabudsjett

Utgangspunkt for klimabudsjettprosessen

Regional plan for klima set rammene for klimaarbeidet i Vestland fylke fram til 2035. Planen er tydeleg på at tida for handling er no, og at tempoet på klimaomstilling må dramatisk opp. Vala vi gjer i dette tiåret er avgjерande for at Vestland, Noreg og verda lukkast i møte med klimautfordringane. Klimaplanen har identifisert tre kritiske oppdrag som vi må lukkast med for å kunne handtere klimautfordringane framover. Klimaarbeidet i Vestland skal både bidra til utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samstundes sikre naturmangfaldet vårt.

Arbeidet med å vidareutvikle klimabudsjettet som verktøy er eit eige tiltak i oppfølging av klimaplanen (tiltak 3.1). Eit vanleg budsjett set ei øvre ramme for kor mykje pengar som kan brukast. På same måte set klimamåla ei øvre ramme for kor mykje klimagassar som kan sleppast ut. Klimabudsjettet har som formål å vise kva fylkeskommunen skal gjøre framover og synleggjere effekt av vedtekne tiltak, samt behov for ytterlegare tiltak for å redusere klimagassutslepp i tråd med Vestland sine klimamål.

Klimamål Vestland

Klimabudsjettet følgjer opp plantema «Redusere direkte klimagassutslepp» og «Redusere klimafotavtrykk» i regional klimaplan Vestland med følgjande mål:

- Vestland reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030
- Vi reduserer klimafotavtrykket ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall

Årleg rapportering gjennom klimarekneskap bidreg til organisasjonen sitt arbeid med å måle utsleppa og evaluere seg sjølv over tid.

Utvikling i dei direkte utsleppa i Vestland

Utslepp i Vestland går sakte nedover. Utsleppstat for Vestland for 2022 blei publisert (Miljødirektoratet, 2023a) i desember 2023, og syner ein utsleppsreduksjon på 3,5 % frå 2021 til 2022 i Vestland. Statistikken syner at utsleppa går for sakte ned, både for å nå nasjonale og regionale mål. Den største utsleppsreduksjonen skjedde i kategorien energiforsyning i Alver kommune, grunna avvikling av normal drift av gasskraftverket på Mongstad hausten 2022.

Vestland fylkeskommune si eiga verksemd og tenesteleveransar står berre for ein liten del av dei totale klimagassutsleppa i Vestland. Å legge til rette for endringar og samarbeid slik at innbyggjarane, næringslivet, organisasjonar og andre offentlege aktørar kan lukkast i å redusere

sine klimagassutslepp, er difor ein del av rolla fylkeskommunen har som samfunnsutviklar. Klimabudsjettet i økonomiplanen ser på korleis vi kan kutte klimagassutslepp innan fylkeskommunen sine tenesteområde, altså knytt til den økonomiske rekneskapen til VLFK.

Klimafotavtrykket til den fylkeskommunale verksemda

For å kutte klimagassutslepp, må vi vite kva verksemdspesifikke klimagassutslepp fylkeskommunen står for. Vestland fylkeskommune nyttar eit estimat, basert på KOSTRA-tal, for å vurdere klimafotavtrykket til den fylkeskommunale verksemda. Dette er estimat som Asplan Viak gjer basert på sine faglege vurderingar, i samsvar med GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er den mest brukte metoden verda over for å måle verksemder sine utslepp av klimagassar, delt inn i 3 kategoriar:

- Scope 1 – Direkte utslepp
- Scope 2 – Indirekte utslepp frå energiforsyning
- Scope 3 – Indirekte utslepp knyttet til kjøp av varer og tenester

Med den vedtekne politikken for Vestland fylkeskommune, vil største reduksjon i klimagassutslepp innan økonomiplanperioden kome frå nye utsleppsfree hurtigbåtar. Det vert også arbeidd systematisk med å redusere klimagassutslepp knytt til bygge- og anleggsverksemd og til fylkesvegane. Her jobbar verksemda med å talfesta klimagassutslepp gjennom årleg rapportering for å gi betre styringsgrunnlag til vidare forbettingsarbeid.

Klimabudsjett 2025, økonomiplanperioden 2025-2028

Arbeidet med å få fram klimabudsjett for 2025 følgjer framdrifts- og møteplan i tråd med den økonomiske budsjettprosessen. Utarbeiding av klimabudsjettet vil bli gjort i Framsikt.

I arbeidsprosessen med å utarbeide klimabudsjettet, blir det lagt vekt på å få fram effekt av relevante tiltak og/eller prosjekt som er under gjennomføring og kva nye tiltak som er planlagd sett i verk i avdelingane. Det blir viktig å følgje opp tiltaka i klimabudsjettet, men også å definere sterke innsats vidare ved å synleggjere klimakonsekvensar av budsjettvedtak, og handlingsrommet fylkeskommunen har for å bidra til ytterlegare utsleppsreduksjonar.

Naturkonsekvensar av budsjettvedtak

Bakgrunn

I handsaming av budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027 i Fylkestinget desember 2023 (PS 116/2023) blei det fremja eit verbalforslag knytt til biologisk mangfald, naturverdiar og korleis Vestland systematisk kan jobbe med å følgje opp naturavtalen i frå Montreal (des.22). Vedtaket legg opp til at fylkesdirektøren skal synleggjere naturkonsekvensane av fylkeskommunen sine budsjettvedtak i komande økonomiplanar.

Naturkonsekvensar av budsjettvedtak

Naturmangfald og klima er i eit samspel som legg rammene for all menneskeleg aktivitet. Endringar i klima påverkar naturmangfald, og endringar i arealbruk påverkar klimaet. Det er viktig å styrke koplinga mellom naturmangfald og klima i ein framtidsretta økonomistyring. Å få oversikt over arealbruksendringar og naturkonsekvensar av fylkeskommunen sine budsjettvedtak vil også styrke klimaarbeidet i regionen, og bidra til ei berekraftig utvikling.

Regional plan for klima 2022-2035 identifiserte tre kritiske oppdrag for å lukkast med klimaomstilling; utsleppsreduksjon, klimatilpassing og å sikre naturmangfaldet. Dette resulterte i eit prioritert plantema kalla «sikre naturmangfald» i gjeldande regionale klimaplan. Målet er at vi gjennom god kunnskap tek vare på naturen sitt mangfald for å redusere klimarisiko. Ein naturleg konsekvens av å sikre naturmangfaldet er å ikkje bygge ned natur. Arealbruk er eit sentralt tema.

Arealbruksendringar er nemleg ein drivar får både tap av artsmangfald og klimaendringar. Detaljerte verktøy for å måle naturkonsekvensar har vi ikkje i dag, men vi leier eit stort forskingsprosjekt knytt til arealrekneskap som verktøy (NYVEST) som kan verte del av løysinga.

Medan vi ventar på desse vert det likevel naudsynt å starte jobben med å synleggjere naturkonsekvensar av budsjettvedtak.

For å sikre berekraftig klima- og arealpolitikk er det naudsynt å prioritere tiltak som kan styrke fleire omsyn, dette inkluderer berekraftig forvalting av både natur-, landskaps- og kulturverdiar. Å ha tilstrekkeleg kunnskap om naturkonsekvensar av budsjettvedtaka våre er difor viktig når vi skal ta heilskaplege val i samfunnsutviklinga. Regional klimaplan for Vestland set lys på behovet for kunnskap om, og forvaltning av, viktige areal. Som del av å styrke kompetansen i kommunane syner no fylkeskommunen veg i metodar for å inkluderer klima- og naturkonsekvensar av vedtaka vi gjer i ordinære fylkeskommune prosessar.

Vi kjem også med ei RS-sak til fylkesutval og fylkesting før sommaren for å følgje opp verbalforslag. Der vil vi gå meir i djupna på korleis desse vurderingane kan bli gjort i praksis.

Tilråding prosessvedtak nr 5:

Finansutvalet tek orienteringane om arbeidet med klimabudsjett og naturkonsekvensar til vitande.

6 Politikarmodul i Framsikt – spørsmål og svar

Spørsmål frå dei folkevalde er ein viktig del av budsjettprosessen. Digitalisering av prosessen kring spørsmål og svar syter for at politiske spørsmål vert synleggjort offentleg så snart dei er registrert. Samstundes sikrar det at administrasjonen har god kontroll på kor spørsmåla er i prosessen og at dei blir svart ut og publisert.

I sluttfasen av arbeidet med budsjettet for 2024 vart politikarmodulen og funksjonen spørsmål og svar i Framsikt nytta. Det vart då gjort slik at finansutvalsmedlemmane sende inn spørsmål på e-post som administrasjonen svarte ut i Framsikt.

Fylkesdirektøren vil i sluttarbeidet for 2025-budsjettet legge opp til at finansutvalsmedlemmane kan sende inn spørsmål direkte i Framsikt. Fordelen med å registrere spørsmål direkte er at politikarane kan sjå om andre har spurta om det same og kva svar dei har fått.

Tilråding prosessvedtak nr 6:

Finansutvalet tek orienteringa om politikarmodul i Framsikt til vitande.

7 Økonomiplan 2025 - 2028

I samsvar med framlegg til årshjul over, vil fylkesdirektøren til neste møte i finansutvalet legge fram forslag til investeringsprogram og avdelingsvise driftsrammer for det vidare arbeidet med budsjettet for 2025 og økonomiplanen 2025 - 2028.

Hovudutvala vil før møtet i finansutvalet handsame arbeidsdokumentet, og kome med uttale til investeringsrammer og driftsrammer. Uttalane frå hovudutvala vil vere del av saksgrunnlaget for den vidare politiske handsaminga.

Kommuneproposisjonen 2025

I kommuneproposisjonen for 2025, som vert lagt fram i mai 2024, kjem regjeringa med framlegg til inntektsrammer for fylkeskommunane, og endringar som gjeld frå 2025.

Fylkesdirektøren kjem attende til dette i arbeidsdokument 2/24 til finansutvalet sitt møte i juni.

Tilråding til prosessvedtak nr 7:

Finansutvalet tek orienteringa om neste møte i finansutvalet til vitande.